



Bokn kommune

Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Boknahåve
Dato: 14.04.2026
Tid: Kl. 18:00 – 20:20

Følgande medlemmer møtte Parti

Arne Hosaas	AP
Rakel Alvestad	AP
Rannveig F. Øvrebø	AP
Edgar Våge	H
June Susanne Grønnestad	H
Lene Ognøy Foss	H
Per Helge Sunde	H
Svein Ove Alvestad	H
Sigmund Alvestad	KRF
Amalie Våga	SP
Egil Magne Våge	SP
Erik Nilssen	SP
Osmund Våga	SP
Vilhelm Martin Våge	SP

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Odd Kenneth Tollaksen		Marie Løvoll Faye	AP
Olav Lande Rossebø	H	Ann Jeanette Sunde	H
Ida Schmeichler Grønnestad	SP	Kristoffer Joachim Are	SP

Inhabile – sak 016/26

Rakel Alvestad	Ap	Sunniva Taraldlien	Ap
Vilhelm Martin Våge	Sp	Magnus Grønnestad Alvestad	Sp
Egil Magne Våge	Sp	Elin Våge	Sp
Marie Løvoll Faye	Ap	Marit Alvestad	Ap
Edgar Våge	H	Harald Fiskaaen	H
Amalie Våga	Sp		
Arne Hosaas	Ap	Silje Eide Vierdal	Ap
Kristoffer Joachim Are	Sp	Magnus Grønnestad Alvestad	Sp
Osmund Våga	Sp		

For øvrig : alle tilgjengelege vara er innkalla til møte grunna habilitetsspørsmålet i sak 016/26

Andre som møtte

Ingeborg Skjølingstad

Lillian Grønnestad

Michael Gräfe

Stilling

Kommunedirektør

Kommunalsjef økonomi og administrasjon

Kommunalsjef teknisk

Merknader til innkallinga: ingen

Merknader til sakslista: ingen

Til å skriva under møteboka vart valde: opprinneleg valde er Kristoffer Joakim Are og Edgar Våge. Blir erstatta av Lene Ognøy Foss og Erik Nilssen grunna opprinneleg valde er inhabile i sak 016/26 og deltok ikkje i møte under denne saka.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
13/26	Godkjenning av innkalling
01/26	Samlesak for drøftinger
14/26	Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll
15/26	Revidering av retningslinjer for startlån i Bokn kommune
16/26	Høyringsuttale Bokn kommune - E39 Bokn - Bømlafjorden - kommunedelplan
17/26	Samlesak for referatsaker
18/26	Samlesak for høyringar
19/26	Samlesak for orienteringsaker
02/26.1	<i>Haugalandspakken: Hirth Himle skal bygge E134 Ølen-Mørkeli + info om spadestikk E39 Gismarvik-Aksdal</i>

13/26 Godkjenning av innkalling

14.04.2026 Kommunestyret

Behandling

Kort kommentar frå Erik Nilssen (Sp) - formannskapet sitt vedtak av 09.04.2026 i høyringssak E-39 ligg ikkje ute under valet "Innsyn" på Bokn kommune sin nettsad.

KS - 13/26 Vedtak

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

01/26 Samlesak for drøftinger

14.04.2026 Kommunestyret

Behandling

KS - 01/26 Vedtak

Ingen drøftingssaker til behandling.

14/26 Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll

14.04.2026 Kommunestyret

Behandling

KS - 14/26 Vedtak

Møteprotokollen vart godkjent. Edgar Våge og Joakim Are blei valde til å signere protokollen.

15/26 Revidering av retningslinjer for startlån i Bokn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknader om startlån til bustad i Bokn blir behandla i tråd med Forskrift om lån fra Husbanken 18. november 2019 nr. 1546 (husbankeforskrifta).

Saksbehandlinga skjer administrativt i fagsystemet Startskudd i tråd med Forskrift om lån fra Husbanken 18. november 2019 nr. 1546 (husbankforskrifta) § 7-2

Klageinnstans er Formannskapet, jf. Forskrift om lån fra Husbanken 18. november 2019 nr. 1546 (husbankeforskrifta) § 7-9

14.04.2026 Kommunestyret

Behandling

17 voterande.

Avrøysting:

Formannskapet si innstilling blei samrøystes vedteke.

KS - 15/26 Vedtak

Kommunestyret sitt samrøysta vedtak.:

Søknader om startlån til bustad i Bokn blir behandla i tråd med Forskrift om lån fra Husbanken 18. november 2019 nr. 1546 (husbankforskrifta).

Saksbehandlinga skjer administrativt i fagsystemet Startskudd i tråd med Forskrift om lån fra Husbanken 18. november 2019 nr. 1546 (husbankforskrifta) § 7-2

Klageinnstans er Formannskapet, jf. Forskrift om lån fra Husbanken 18. november 2019 nr. 1546 (husbankeforskrifta) § 7-9

Forutsetning: startlånstildelingar gjeld kjøp av bustad i Bokn kommune.

17.03.2026 Formannskapet

Behandling

Forsøksordning, foreslått av Osmund Våga, Senterpartiet

Formannskapet ber om at administrasjonen søker om at Bokn blir med i forsøksordning for nyetablerere.

forutsetning, foreslått av Lene Ognøy Foss, Høyre

Forutsetning for tildeling er kjøp av bolig i Bokn Kommune

Administrasjonen informerte om startlånsordninga generelt og erfaringa av lokale retningslinjer. Osmund Våga (Sp) har lagt inn forslag om Bokn bør søkje om å bli med i forsøksordningen for nyetablererar.

Svein Ove Alvestad (H) ber om at vi bør utrede ordninga om nyetablererar før ein bestemmer om ein skal gå for ein slik ordning.

Sigmund Alvestad (KrF) ønsker at ein i denne saka må forhalde seg til det saka dreier seg om - endring av lokale retningslinjer til sentrale..

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) ønskjer at administrasjonen utreder regelverket om nyetablerarar og legg fram for politikerane.

Osmund Våga (Sp) trekker forslaget.

Avrøysting:

Det blei røsta over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med tillegg av tilleggsforslag frå Lene OgnøyFoss (H).

Formannskapet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med forutsetning fremma av Høyre - startlånstildelingar gjeld kjøp av bustad i Bokn kommune.

FS - 016/26 Vedtak

Formannskapet si samrøysta inntilling til kommunestyret:

Søknader om startlån til bustad i Bokn blir behandla i tråd med Forskrift om lån fra Husbanken 18. november 2019 nr. 1546 (husbankforskrifta).

Saksbehandlinga skjer administrativt i fagsystemet Startskudd i tråd med Forskrift om lån fra Husbanken 18. november 2019 nr. 1546 (husbankforskrifta) § 7-2

Klageinstans er Formannskapet, jf. Forskrift om lån fra Husbanken 18. november 2019 nr. 1546 (husbankeforskrifta) § 7-9

Forutsetning: startlånstildelingar gjeld kjøp av bustad i Bokn kommune.

16/26 Høyringsuttale Bokn kommune - E39 Bokn - Bømlafjorden - kommunedelplan

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bokn kommune har fylgjande merknad til Statens vegvesen sitt framlegg til to alternative kommunedelplanar for E39 gjennom Bokn kommune:

- Bokn kommune krev at det vert lagt fram eit planalternativ der alternativ 1 og alternativ 2 er kopla saman ved Ognøysundet.
- Konsekvensutgreiingane og nytte/kostnadsanalysen er vist samla for heile traseen gjennom dei tre kommunane. Bokn ynskjer at desse analysane skal gjerast eksplisitt for dei to traseane over Bokn
- Kommunen ynskjer at det vert gjort nærare greie for korleis dei ikkje prissette konsekvensane er vektta i høve til dei prissette konsekvensane i dei to alternativa over Bokn. Dette gjeld særleg konsekvensane for kommunen av at store byggeområde i Alvestad vert råka, men også dei øvrige ikkje prissette konsekvensane.
- Kor mange bustader vert råka av kvar av dei to alternativa, fordelt på
 - kor mange bustader må fjernast
 - kor mange bustader vert liggande i planskuggen
- Kor mange dekar jordbruksareal vert nedbygt av dei to alternativa
- Kva verdi er nytta for tidskostnader for dei ulike trafikkant-gruppene ved berekning av trafikkant nytte, og korleis er fordelinga mellom dei ulike trafikkant gruppene ved berekninga av trafikknytte for veganlegget over Bokn
- Vurdering av konsekvensar må gjerast i høve til fastlagt arealbruk i kommune- og reguleringsplanar
- Etter kommunen sitt syn belyser vegvesenet sin KU ikkje folkehelsekonsekvensar på ein tilstrekkeleg måte etter PBL og Folkehelseloven sin krav.
- Brua som er planlagt over Boknasundet i alt 1 ligg svært nær dagens bru og vil potensielt være vanskeleg å manøvrere under
- Det vert i tillegg vist til vedlagt landbruksfagleg merknad, merknad knytt til naturmangfald og merknad knytt til folkehelse.

14.04.2026 Kommunestyret

Behandling

slett setning, foreslått av Lene Ognøy Foss, Høyre
r, før kommunen kan gjere ei reell og forsvarleg
vurdering av konsekvensane av dei to alternativa

Habilitet: (etter forvaltningsloven § 6)

Egil Magne Våge (Sp) ber seg habilitetsvurdert - har ei syster som eig eigedom som ligg i planområdet.
Edgar Våge (H) ber seg habilitetsvurdert - har dotter som eig eigedom som ligg i planområdet
Rakel Alvestad (Ap) ber seg habilitetsvurdert - eig eiendom som ligg i planområdet.
Marie Løvoll Faye (Ap) ber seg habilitetsvurdert - eig eigedom som ligg i planområdet
Amalie Våga (Sp) ber seg habilitetsvurdert - har far som eig eigendom som ligg i planområdet og hun leiger denne eigedommen til næringsdrift
Arne Hosaas (Ap) ber seg habilitetsvurdert - eig eiendom som ligg i planområdet.
Osmund Våga (Sp) ber seg habilitetsvurdert - eig eiendom som ligg i planområdet.
Vilhelm Martin Våge (Sp) ber seg habilitetsvurdert - eig eigedom som ligg i planområdet.
Kristoffer Joachim Are (Sp) ber seg habilitetsvurdert - har ein bror som eig eiendom som ligg i planområdet
Osmund Våga (Sp) ber om at dei som er omhandla i brev frå kommuneadvokaten i Karmøy blir vurdert. Det gjeld Rannveig Foss Øvrebø (Ap) og Svein Ove Alvestad (H).

Heimla i forvaltningsloven § 6 blei det vedteke at dei som har bedt seg habilitetsvurdert samt dei som er krevd habilitetsvurdert, trer frå møte og vara trer inn.
Lene Ognøy Foss (H) blei vald som setteordførar i ska når det gjeld habilitetsvurderinga..

Følgjande vara blei kalla inn til å tiltre møtet:

Elin Våge (Sp) for Egil Magne Våge.
Harald Fiskaaen (H) for Edgar Våge .
Sunniva Taraldlien (Ap) for Rakel Alvestad.
Marit Alvestad (Ap) for Marie Løvoll Faye - Marit ber seg habilitetsvurdert grunna hun har ei niese som eig eigedom som ligg i planområdet
Silje Eide (Ap) for Arne Hosaas.
May Lisbeth Bosvik Fiskaaen (H) for Svein Ove Alvestad.
Ann-Kristin Grønnestad (Ap) for Rannveig Foss Øvrebø - Ann-Kristin ber seg habilitetsvurdert da hennar mor eig eiendom som ligg i planområdet.
Magnus Grønnestad Alvestad (Sp) for Vilhelm Martin Våge - ber seg habilitetsvurdert grunna farfar eig eigedom som blir råka i ytterkant/litt av veg av omsynssona
Sondre Tveita (Sp) for Amalie Våga - ber seg habilitetsvurdert grunna samboar med far som eig eigedom som blir råka av planforslaget
Harald Øvrebø (Sp) for Kristoffer Joachim Are - Harald ber seg habilitetsvurdert da han har bror som eig eiendom som ligg i planområdet.

Voterande i habilitetssaka: 11 representantar

Habilitetsvurdering av representantar og vararepresentantar:

Egil Magne (Sp) blir samrøystes funnen inhabil..
Osmund Våga (Sp) blir med 9 mot 2 røyster (Sp) funnet inhabil funnet inhabil.
Vilhelm Martin Våge (Sp) blir samrøystes funnen inhabil.
Amalie Våga (Sp) blir samrøystes funnen inhabil.
Kristoffer Joachim Are (Sp) blir me 9 mot 2 røyster (Sp) funnen inhabil..
Magnus Grønnestad Alvestad (Sp) blir med 10 mot 1 røyst (H) funnet habil.
Sondre Tveita (Sp) blir funnet inhabil med 10 mot 1 røyst (H).
Harald Øverbø (Sp) blir samrøystes funnet inhabil.
Rannveig Foss Øvrebø (Ap) blir samrøystes funnen habil.
Rakel Alvestad (Ap) blir samrøystes funnen inhabil.
Arne Hosaas (Ap) blir samrøystes funnen inhabil.
Marie Løvoll Faye (Ap) blir samrøystes funnen inhabil.

Marit Alvestad (Ap) blir samrøystes funnen habil.
Ann-Kristin Grønnestad (Ap) blir samrøystes funnen inhabil.
Svein Ove Alvestad (H) blir samrøystes funnen habil.
Edgar Våge (H) blir samrøystes funnen inhabil.

Vedtaksføre i sak 016/26 er som følgjande:

Elin Våge (Sp)
Erik Nilssen (Sp)
Magnus Grønnstad Alvestad (Sp)
Rannveig Foss Øvrebø (Ap)
Marit Alvestad (Ap)
Sunniva Taraldlien (Ap)
Silje Eide Vierdal (Ap)
Lene Ognøy Foss (H)
Svein Ove Alvestad (H)
Per Helge Sunde (H)
Ann Jeanette Sunde (H)
June Grønnestad (H)
Harald Fiskaaen (H)
Sigmund Alvestad (KrF)

14 røysteføre der alle har tilrådt møte.

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) går inn som setteordførar i staden for Egil Magne Våga i saka.

Avrøysting i sak 016/26 Høyringsuttale E39 Bokn – Bømlafjorden – kommunedelplan

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si innstilling med endring/retting av siste setning under "Avslutning", 1. avsnitt til "Bokn kommune finn at det må liggja føre betre dokumentasjon, meir presise opplysningar og justerte fagrapportar i tråd med merknadene ovanfor."

KS - 16/26 Vedtak

Kommunestyre vedtek samrøystes høyringsuttale frå Bokn kommune:

Høyringsuttale

E39 Bokn – Bømlafjorden – kommunedelplan

Bokn kommune viser til høyring av Statens vegvesen sitt framlegg til kommunedelplan for ny E39 gjennom Bokn kommune, med to alternative trasear.

Kommunedelplanen skal handsamast av kommunestyret i Bokn kommune som planstyresmakt.

Kommunen sitt endelege standpunkt til traséval vil koma fram i saka som vert lagt fram for kommunestyret, mellom anna basert på merknader som er komne inn i høyringsperioden.

I orienteringsmøte halde av Statens vegvesen i samband med kommunestyremøtet 13.01.2026, vart det presisert at kommunen kan fremja merknader i høyringsrunden. Bokn kommune finn det naudsynt å nytta høyringa til å peika på fleire forhold som etter kommunen sitt syn ikkje er tilstrekkeleg belyste eller vurderte i planframlegget og dei tilhøyrande utgreiingane.

1. Bru over Boknasundet

I alternativ 1 er det planlagt ny bru over Boknasundet i svært nær avstand til eksisterande bru, med fleire nye brupilarar i sundet. Etter kommunen sitt syn vil dette kunna gjera manøvrering og ferdsel vanskelegare i eit allereie trafikkert farvatn.

Bokn kommune krev at Kystverket si vurdering av dei maritime forholda knytte til etablering av ny bru over Boknasundet vert lagt fram som del av plangrunnlaget.

2. Folkehelsekonsekvensar

Bokn kommune meiner at konsekvensutgreiinga ikkje i tilstrekkeleg grad belyser folkehelsekonsekvensar, slik dette er kravd etter plan- og bygningslova og folkehelselova.

Ei fullverdig helsekonsekvensutgreiing bør mellom anna omfatte:

- fysiske miljøfaktorar (støy, luftkvalitet, solforhold, innsyn/utsyn, tilgang til grøntområde)
- sosiale miljøfaktorar (tryggleik, sosiale møteplassar, universell utforming)
- høve til fysisk aktivitet og kvalitetar i nærmiljøet
- konsekvensar for bokkvalitet

Frå eit samfunnsmedisinsk perspektiv framstår vurderingane i hovudsak avgrensa til støy og trafikktryggleik. Utgreiinga vurderer i liten grad konsekvensar av støy ved utandørs opphald, eller verknader for bokkvalitet.

Vidare manglar det tilstrekkelege vurderingar av helsekonsekvensar i anleggsfasen, inkludert skilnader mellom alternativa. Det ligg heller ikkje føre opplysningar om forventa varigheit på anleggsperioden, noko som kan ha stor innverknad på dei samla helsekonsekvensane, særleg der anlegget ligg tett opp mot eksisterande busetnad.

3. Konsekvensar for bustader

Det ligg ikkje føre tilstrekkeleg oversikt over konsekvensane for bustader i dei to alternativa. Bokn kommune ber difor om eit samla og presist oversyn som viser:

- tal på bustader som må rivast
- tal på bustader som vert liggjande i planskuggen

Oversynet må presenterast i tabellform og innehalda gnr./bnr. for dei aktuelle eigedomane, samt ei konkret beskriving av konsekvensane for kvar einskild eigedom.

4. Val av traséalternativ over Ognøy

Dei to alternativa som ligg føre, har ulik traséføring over Ognøy. Alternativ 1 føreset veg på vestsida av Ognøy, om lag i same trasé som dagens E39, medan alternativ 2 legg vegen på austsida av øya.

Bokn kommune finn det ikkje tilfredsstillande grunngjeve kvifor det er valt to separate traséar over Ognøy, i staden for å samordna alternativa ved Ognøysundet. Kommunen krev difor at det vert lagt fram eit fullverdig planalternativ der alternativ 2 vert ført saman med alternativ 1 ved Ognøysundet, slik at vidare trasé nordover går på vestsida av Ognøy, i samsvar med alternativ 1. Dette er særleg viktig for å ta vare på verdifull matjord og dyrka mark på austsida av øya.

5. Konsekvensar for jordbruksareal

Bokn kommune har eit sterkt fokus på vern av jordbruksareal. Det er difor avgjerande å få dokumentert kor mykje jordbruksareal som vert nedbygd i dei to alternativa.

Kommunen registrerer at delar av grunnlagsmaterialet byggjer på tal frå 2018. Det må leggjast fram dokumentasjon basert på oppdaterte tal for omfanget av nedbygd jordbruksareal, samt ei vurdering av eventuelle erstatningsareal, før kommunen tek stilling til saka.

6. Vekting av ikkje-prisette konsekvensar

Bokn kommune ber om at det vert gjort nærare greie for korleis dei ikkje-prisette konsekvensane er vekta opp mot dei prisette konsekvensane for dei to alternativa over Bokn.

Dette gjeld særleg konsekvensane knytte til inngrep i og nedbygging av større byggeområde i Alvestad, men òg andre ikkje-prisette tema. Av det tilgjengelege materialet går det fram at Bokn kommune, sett i høve til storleik og folketal, truleg vert den kommunen som prosentvis vert hardest råka av negative ikkje-prisette konsekvensar.

Det må difor dokumenterast korleis desse konsekvensane er vurderte og vekta mot skilnader i prisette konsekvensar mellom alternativa. For alternativ 1 må det særleg vurderast kva konsekvensar ei nedbygging av sentrale bustadområde vil ha for kommunen si langsiktige utvikling, mellom anna knytt til busetjing og folketalsutvikling.

7. Konsekvensvurderingar i høve vedteken arealbruk

Bokn kommune har nyleg vedteke ny arealdel til kommuneplanen, og vegalternativa går òg gjennom område der det ligg føre gjeldande reguleringsplanar.

Kommunen meiner at konsekvensvurderingane må ta utgangspunkt i den vedtekne arealbruken i kommuneplanen og reguleringsplanar, og ikkje i tidlegare plankategoriar eller føresetnader. Som døme vert det synt til fagrapport naturressursar, der konsekvensen av alternativ 2 for området Sponavika (FR-3) er vurdert som betydeleg negativ grunna låssettingsplass. I den vedtekne arealdelen er sjøarealet her avsett til hamneområde med framtidig molo, medan landarealet er avsett til næringsføremål.

Etter kommunen sitt syn må konsekvensane for dette området vurderast på nytt, basert på gjeldande planstatus. Tilsvarande justeringar må gjerast i andre område der konsekvensvurderingane ikkje tek omsyn til vedteken arealbruk.

8. Konsekvensutgreiing og nytte-/kostnadsanalyse per kommune

Konsekvensutgreiingane og nytte-/kostnadsanalysen er presenterte samla for heile prosjekstrekninga gjennom dei tre kommunane. Etter Bokn kommune sitt syn gjev dette eit mangelfullt og lite treffsikkert beslutningsgrunnlag.

Når vurderingane vert gjorde på prosjekt-nivå, kan store negative konsekvensar for Bokn kommune bli kompensert av positive eller mindre negative verknader i dei andre kommunane. Dette gjer det vanskeleg for kommunen å vurdere konsekvensane lokalt.

Bokn kommune krev difor at Statens vegvesen utarbeider eigne fagrapportar og ei separat konsekvensutgreiing for dei to alternativa slik dei verkar for Bokn kommune åleine.

9. Trafikantnytte og tidskostnader

I samlerapporten for prissette konsekvensar går det ikkje klårt fram kva verdier som er nytta for tidskostnader for dei ulike trafikantgruppene.

Bokn kommune ber om at det vert gjort greie for:

- kva tidskostnadsverdier som er nytta i berekningane
- korleis trafikantnytta er fordelt mellom dei ulike trafikantgruppene

Denne informasjonen må spesifiserast for alternativa slik dei gjeld for vegløyisinga over Bokn.

Avslutning

Bokn kommune finn at det må liggja føre betre dokumentasjon, meir presise opplysningar og justerte fagrapportar i tråd med merknadene ovanfor.

Kommunen ber difor om at skriftleg svar, med nødvendige justeringar og tillegg til rapportane, vert oversendt Bokn kommune seinast samtidig med oversending av plandokumenta til kommunal handsaming.

13.04.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Habilitet:

Dei som har vurdert egen inhabilitet, er heller ikkje med på ein eventuell uttaling til kommunestyret. 6 av 8 representantar er røysteføre.

Tanker om veg:

- Positivt med betre og større veg
- Heilheten er positiv dersom trafikken auker
- For Bokn er det andre konsekvenser og meir inngripen enn for storsamfunnet
- Begge traseene er inngripende for kommunen
- Trist at det rammer personer og bygningar

- Mulig å kombinere traseval 1 og 2 v/Austre Bokn og Ognøy - bør sjekkes ut dersom det bevarer meir landbruk og jord.
- Økonomi og kostnader

Ungdomsrådet stettar formannskapet si innstilling av 09.04.2026 til kommunestyret i høyringsuttalen frå Bokn kommune - E39 Bokn - Bømlafjorden - kommuneplan.

UNG - 017/26 Vedtak

Ungdomsrådet stettar formannskapet si innstilling av 09.04.2026 til kommunestyret i høyringsuttalen frå Bokn kommune - E39 Bokn - Bømlafjorden - kommuneplan.

09.04.2026 Formannskapet

Behandling

E39 Bokn – Bømlafjorden – kommunedelplan, foreslått av Lene Ognøy Foss, Høyre

Høyringsuttale

E39 Bokn – Bømlafjorden – kommunedelplan

Bokn kommune viser til høyring av Statens vegvesen sitt framlegg til kommunedelplan for ny E39 gjennom Bokn kommune, med to alternative trasear.

Kommunedelplanen skal handsamast av kommunestyret i Bokn kommune som planstyresmakt.

Kommunen sitt endelege standpunkt til traséval vil koma fram i saka som vert lagt fram for kommunestyret, mellom anna basert på merknader som er komne inn i høyringsperioden.

I orienteringsmøte halde av Statens vegvesen i samband med kommunestyremøtet 13.01.2026, vart det presisert at kommunen kan fremja merknader i høyringsrunden. Bokn kommune finn det naudsynt å nytta høyringa til å peika på fleire forhold som etter kommunen sitt syn ikkje er tilstrekkeleg belyste eller vurderte i planframlegget og dei tilhøyrande utgreiingane.

1. Bru over Boknasundet

I alternativ 1 er det planlagt ny bru over Boknasundet i svært nær avstand til eksisterande bru, med fleire nye brupilarar i sundet. Etter kommunen sitt syn vil dette kunna gjera manøvrering og ferdsel vanskelegare i eit allereie trafikkert farvatn.

Bokn kommune krev at Kystverket si vurdering av dei maritime forholda knytte til etablering av ny bru over Boknasundet vert lagt fram som del av plangrunnlaget.

2. Folkehelsekonsekvensar

Bokn kommune meiner at konsekvensutgreiinga ikkje i tilstrekkeleg grad belyser

folkehelsekonsekvensar, slik dette er kravd etter plan- og bygningslova og folkehelselova.

Ei fullverdig helsekonsekvensutgreiing bør mellom anna omfatte:

- fysiske miljøfaktorar (støy, luftkvalitet, solforhold, innsyn/utsyn, tilgang til grøntområde)
- sosiale miljøfaktorar (tryggleik, sosiale møteplassar, universell utforming)
- høve til fysisk aktivitet og kvalitetar i nærmiljøet
- konsekvensar for bokvalitet

Frå eit samfunnsmedisinsk perspektiv framstår vurderingane i hovudsak avgrensa til støy og trafikktryggleik. Utgreiinga vurderer i liten grad konsekvensar av støy ved utandørs opphald, eller verknader for bokvalitet.

Vidare manglar det tilstrekkelege vurderingar av helsekonsekvensar i anleggsfasen, inkludert skilnader mellom alternativa. Det ligg heller ikkje føre opplysningar om forventa varigheit på anleggsperioden, noko som kan ha stor innverknad på dei samla helsekonsekvensane, særleg der anlegget ligg tett opp mot eksisterande busetnad.

3. Konsekvensar for bustader

Det ligg ikkje føre tilstrekkeleg oversikt over konsekvensane for bustader i dei to alternativa. Bokn kommune ber difor om eit samla og presist oversyn som viser:

- tal på bustader som må rivast
- tal på bustader som vert liggjande i planskuggen

Oversynet må presenterast i tabellform og innehalda gnr./bnr. for dei aktuelle eigedomane, samt ei konkret beskriving av konsekvensane for kvar einskild eigedom.

4.Val av traséalternativ over Ognøy

Dei to alternativa som ligg føre, har ulik traséføring over Ognøy. Alternativ 1 føreset veg på vestsida av Ognøy, om lag i same trasé som dagens E39, medan alternativ 2 legg vegen på austsida av øya. Bokn kommune finn det ikkje tilfredsstillande grunngeve kvifor det er valt to separate traséar over Ognøy, i staden for å samordna alternativa ved Ognøysundet. Kommunen krev difor at det vert lagt fram eit fullverdig planalternativ der alternativ 2 vert ført saman med alternativ 1 ved Ognøysundet, slik at vidare trasé nordover går på vestsida av Ognøy, i samsvar med alternativ 1. Dette er særleg viktig for å ta vare på verdifull matjord og dyrka mark på austsida av øya.

5. Konsekvensar for jordbruksareal

Bokn kommune har eit sterkt fokus på vern av jordbruksareal. Det er difor avgjerande å få dokumentert kor mykje jordbruksareal som vert nedbygd i dei to alternativa.

Kommunen registrerer at delar av grunnlagsmaterialet byggjer på tal frå 2018. Det må leggjast fram dokumentasjon basert på oppdaterte tal for omfanget av nedbygd jordbruksareal, samt ei vurdering av eventuelle erstatningsareal, før kommunen tek stilling til saka.

6. Vekting av ikkje-prisette konsekvensar

Bokn kommune ber om at det vert gjort nærare greie for korleis dei ikkje-prisette konsekvensane er vekta opp mot dei prisette konsekvensane for dei to alternativa over Bokn.

Dette gjeld særleg konsekvensane knytte til inngrep i og nedbygging av større byggeområde i Alvestad, men òg andre ikkje-prisette tema. Av det tilgjengelege materialet går det fram at Bokn kommune, sett i høve til storleik og folketal, truleg vert den kommunen som prosentvis vert hardest råka av negative ikkje-prisette konsekvensar.

Det må difor dokumenterast korleis desse konsekvensane er vurderte og vekta mot skilnader i prisette konsekvensar mellom alternativa. For alternativ 1 må det særleg vurderast kva konsekvensar ei nedbygging av sentrale bustadområde vil ha for kommunen si langsiktige utvikling, mellom anna knytt til busetjing og folketalsutvikling.

7. Konsekvensvurderingar i høve vedteken arealbruk

Bokn kommune har nyleg vedteke ny arealdel til kommuneplanen, og vegalternativa går òg gjennom område der det ligg føre gjeldande reguleringsplanar.

Kommunen meiner at konsekvensvurderingane må ta utgangspunkt i den vedtekne arealbruken i kommuneplanen og reguleringsplanar, og ikkje i tidlegare plankategoriar eller føresetnader. Som døme vert det synt til fagrapport naturressursar, der konsekvensen av alternativ 2 for området Sponavika (FR-3) er vurdert som betydeleg negativ grunna låssettingsplass. I den vedtekne arealdelen er sjøarealet her avsett til hamneområde med framtidig molo, medan landarealet er avsett til næringsføremål.

Etter kommunen sitt syn må konsekvensane for dette området vurderast på nytt, basert på gjeldande planstatus. Tilsvarende justeringar må gjerast i andre område der konsekvensvurderingane ikkje tek omsyn til vedteken arealbruk.

8. Konsekvensutgreiing og nytte-/kostnadsanalyse per kommune

Konsekvensutgreiingane og nytte-/kostnadsanalysen er presenterte samla for heile prosjekstrekninga gjennom dei tre kommunane. Etter Bokn kommune sitt syn gjev dette eit mangelfullt og lite treffsikkert beslutningsgrunnlag.

Når vurderingane vert gjorde på prosjekt-nivå, kan store negative konsekvensar for Bokn kommune bli kompensert av positive eller mindre negative verknader i dei andre kommunane. Dette gjer det vanskeleg for kommunen å vurdere konsekvensane lokalt.

Bokn kommune krev difor at Statens vegvesen utarbeider eigne fagrapportar og ei separat konsekvensutgreiing for dei to alternativa slik dei verkar for Bokn kommune åleine.

9. Trafikantnytte og tidskostnader

I samlerapporten for prissette konsekvensar går det ikkje klårt fram kva verdiar som er nytta for tidskostnader for dei ulike trafikantgruppene.

Bokn kommune ber om at det vert gjort greie for:

- kva tidskostnadsverdiar som er nytta i berekningane
- korleis trafikantnytta er fordelt mellom dei ulike trafikantgruppene

Denne informasjonen må spesifiserast for alternativa slik dei gjeld for vegløyvinga over Bokn.

Avslutning

Bokn kommune finn at det må liggja føre betre dokumentasjon, meir presise opplysningar og justerte fagrapportar i tråd med merknadene ovanfor, før kommunen kan gjere ei reell og forsvarleg vurdering av konsekvensane av dei to alternativa.

Kommunen ber difor om at skriftleg svar, med nødvendige justeringar og tillegg til rapportane, vert oversendt Bokn kommune seinast samtidig med oversending av plandokumenta til kommunal handsaming.

Habilitet:

Egil Magne Våge - ordførar (Sp) ber om å få sin habilitet vurdert - ingen endringar frå sist møte.

Arne Hosaas (Ap) - ber om å få sin habilitet vurdert grunna han eig bustad i planområdet og har fått brev frå SVV .

Formannskapet fant begge ugilde - dei fråtrådde.

Amalie Våga (Sp) trådde inn for Egil Magne Våge (Sp) - ber om å få sin habilitet vurdert. Hun leiger landbruksjord frå sin far og eigedommen ligg i planområdet og blir berørt.

Formannskapet fant Amalie Våga (Sp) ugild og hun trådde frå møte.

Vedtaksføre:

Formannskapet er vedtaksføre med 5 representantar: Rannveig Foss Øvrebø (Ap), Erik Nilssen (Sp), Lene Ognøy Foss (H), Svein Ove Alvestad (H) og Sigmund Alvestad (KrF).

Varaordførar Rannveig Foss Øvrebø (Ap) tiltrådde som møteleiars i saka.

Avrøysting - 5 voterande:

Det blei røysta alternativt over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og fellesforslag frå partia fremma av Lene Ognøy Foss (H). Fellesforslaget blei vedtatt samrøystes og kommunedirektøren sitt framlegg falt.

FS - 034/26 Vedtak

Formannskapet innstiller samrøystes til kommunestyret:

Høyringsuttale

E39 Bokn – Bømlafjorden – kommunedelplan

Bokn kommune viser til høyring av Statens vegvesen sitt framlegg til kommunedelplan for ny E39 gjennom Bokn kommune, med to alternative trasear.

Kommunedelplanen skal handsamast av kommunestyret i Bokn kommune som planstyresmakt.

Kommunen sitt endelege standpunkt til traséval vil koma fram i saka som vert lagt fram for kommunestyret, mellom anna basert på merknader som er komne inn i høyringsperioden.

I orienteringsmøte halde av Statens vegvesen i samband med kommunestyremøtet 13.01.2026, vart det presisert at kommunen kan fremja merknader i høyringsrunden. Bokn kommune finn det naudsynt å nytta høyringa til å peika på fleire forhold som etter kommunen sitt syn ikkje er tilstrekkeleg belyste eller vurderte i planframlegget og dei tilhøyrande utgreiingane.

1. Bru over Boknasundet

I alternativ 1 er det planlagt ny bru over Boknasundet i svært nær avstand til eksisterande bru, med fleire nye brupilarar i sundet. Etter kommunen sitt syn vil dette kunna gjera manøvrering og ferdsel vanskelegare i eit allereie trafikkert farvatn.

Bokn kommune krev at Kystverket si vurdering av dei maritime forholda knytte til etablering av ny bru over Boknasundet vert lagt fram som del av plangrunnlaget.

2. Folkehelsekonsekvensar

Bokn kommune meiner at konsekvensutgreiinga ikkje i tilstrekkeleg grad belyser folkehelsekonsekvensar, slik dette er kravd etter plan- og bygningslova og folkehelselova.

Ei fullverdig helsekonsekvensutgreiing bør mellom anna omfatte:

- fysiske miljøfaktorar (støy, luftkvalitet, solforhold, innsyn/utsyn, tilgang til grøntområde)
- sosiale miljøfaktorar (tryggleik, sosiale møteplassar, universell utforming)
- høve til fysisk aktivitet og kvalitetar i nærmiljøet
- konsekvensar for bokkvalitet

Frå eit samfunnsmedisinsk perspektiv framstår vurderingane i hovudsak avgrensa til støy og trafikktryggleik. Utgreiinga vurderer i liten grad konsekvensar av støy ved utandørs opphald, eller verknader for bokkvalitet.

Vidare manglar det tilstrekkelege vurderingar av helsekonsekvensar i anleggsfasen, inkludert skilnader mellom alternativa. Det ligg heller ikkje føre opplysningar om forventet varigheit på anleggsperioden, noko som kan ha stor innverknad på dei samla helsekonsekvensane, særleg der anlegget ligg tett opp mot eksisterande busetnad.

3. Konsekvensar for bustader

Det ligg ikkje føre tilstrekkeleg oversikt over konsekvensane for bustader i dei to alternativa. Bokn kommune ber difor om eit samla og presist oversyn som viser:

- tal på bustader som må rivast
- tal på bustader som vert liggjande i planskuggen

Oversynet må presenterast i tabellform og innehalda gnr./bnr. for dei aktuelle eigedomane, samt ei konkret beskriving av konsekvensane for kvar einskild eigedom.

4. Val av traséalternativ over Ognøy

Dei to alternativa som ligg føre, har ulik traséføring over Ognøy. Alternativ 1 føreset veg på vestsida av Ognøy, om lag i same trasé som dagens E39, medan alternativ 2 legg vegen på austsida av øya.

Bokn kommune finn det ikkje tilfredsstillande grunngjeve kvifor det er valt to separate traséar over Ognøy, i staden for å samordna alternativa ved Ognøysundet. Kommunen krev difor at det vert lagt fram eit fullverdig planalternativ der alternativ 2 vert ført saman med alternativ 1 ved Ognøysundet, slik at vidare trasé nordover går på vestsida av Ognøy, i samsvar med alternativ 1. Dette er særleg viktig for å ta vare på verdifull matjord og dyrka mark på austsida av øya.

5. Konsekvensar for jordbruksareal

Bokn kommune har eit sterkt fokus på vern av jordbruksareal. Det er difor avgjerande å få dokumentert kor mykje jordbruksareal som vert nedbygd i dei to alternativa.

Kommunen registrerer at delar av grunnlagsmaterialet byggjer på tal frå 2018. Det må leggjast fram dokumentasjon basert på oppdaterte tal for omfanget av nedbygd jordbruksareal, samt ei vurdering av eventuelle erstatningsareal, før kommunen tek stilling til saka.

6. Vekting av ikkje-prissette konsekvensar

Bokn kommune ber om at det vert gjort nærare greie for korleis dei ikkje-prissette konsekvensane er vekta opp mot dei prissette konsekvensane for dei to alternativa over Bokn.

Dette gjeld særleg konsekvensane knytte til inngrep i og nedbygging av større byggeområde i Alvestad, men òg andre ikkje-prissette tema. Av det tilgjengelege materialet går det fram at Bokn kommune, sett i høve til storleik og folketal, truleg vert den kommunen som prosentvis vert hardest råka av negative ikkje-prissette konsekvensar.

Det må difor dokumenterast korleis desse konsekvensane er vurderte og vekta mot skilnader i prissette konsekvensar mellom alternativa. For alternativ 1 må det særleg vurderast kva konsekvensar ei nedbygging av sentrale bustadområde vil ha for kommunen si langsiktige utvikling, mellom anna knytt til busetjing og folketalsutvikling.

7. Konsekvensvurderingar i høve vedteken arealbruk

Bokn kommune har nyleg vedteke ny arealdel til kommuneplanen, og vegalternativa går òg gjennom område der det ligg føre gjeldande reguleringsplanar.

Kommunen meiner at konsekvensvurderingane må ta utgangspunkt i den vedtekne arealbruken i kommuneplanen og reguleringsplanar, og ikkje i tidlegare plankategoriar eller føresetnader. Som døme vert det synt til fagrapport naturressursar, der konsekvensen av alternativ 2 for området Sponavika (FR-3) er vurdert som betydeleg negativ grunna låssettingsplass. I den vedtekne arealdelen er sjøarealet her avsett til hamneområde med framtidig molo, medan landarealet er avsett til næringsføremål.

Etter kommunen sitt syn må konsekvensane for dette området vurderast på nytt, basert på gjeldande planstatus. Tilsvarande justeringar må gjerast i andre område der konsekvensvurderingane ikkje tek omsyn til vedteken arealbruk.

8. Konsekvensutgreiing og nytte-/kostnadsanalyse per kommune

Konsekvensutgreiingane og nytte-/kostnadsanalysen er presenterte samla for heile prosjektstrekninga gjennom dei tre kommunane. Etter Bokn kommune sitt syn gjev dette eit mangelfullt og lite treffsikkert beslutningsgrunnlag.

Når vurderingane vert gjorde på prosjekt-nivå, kan store negative konsekvensar for Bokn kommune bli kompensert av positive eller mindre negative verknader i dei andre kommunane. Dette gjer det vanskeleg for kommunen å vurdere konsekvensane lokalt.

Bokn kommune krev difor at Statens vegvesen utarbeider eigne fagrapportar og ei separat konsekvensutgreiing for dei to alternativa slik dei verkar for Bokn kommune åleine.

9. Trafikantnytte og tidskostnader

I samlerapporten for prissette konsekvensar går det ikkje klårt fram kva verdiar som er nytta for tidskostnader for dei ulike trafikantgruppene.

Bokn kommune ber om at det vert gjort greie for:

- kva tidskostnadsverdiar som er nytta i berekningane
- korleis trafikantnytta er fordelt mellom dei ulike trafikantgruppene

Denne informasjonen må spesifiserast for alternativa slik dei gjeld for vegløyvinga over Bokn.

Avslutning

Bokn kommune finn at det må liggja føre betre dokumentasjon, meir presise opplysningar og justerte fagrapportar i tråd med merknadene ovanfor, før kommunen kan gjere ei reell og forsvarleg vurdering av konsekvensane av dei to alternativa.

Kommunen ber difor om at skriftleg svar, med nødvendige justeringar og tillegg til rapportane, vert oversendt Bokn kommune seinast samtidig med oversending av plandokumenta til kommunal handsaming.

17/26 Samlesak for referatsaker

14.04.2026 Kommunestyret

Behandling

KS - 17/26 Vedtak

Referatssakene blei tatt til informasjon.

18/26 Samlesak for høyringar

14.04.2026 Kommunestyret

Behandling

KS - 18/26 Vedtak

Ingen saker under høyringssaker.

19/26 Samlesak for orienteringsaker

14.04.2026 Kommunestyret

Behandling

KS - 19/26 Vedtak

Orienteringane blir tatt til informasjon

02/26 Haugalandspakken: Hirth Himle skal bygge E134 Ølen-Mørkeli + info om spadestikk E39 Gismarvik-Aksdal

14.04.2026 Kommunestyret

Behandling

Svein Ove Alvestad (H) stilte spørsmål om korleis Bokn " ligg an" i Haugalandspakken
Ordførar svarte ut dette spørsmålet. Kommunedirektøren orienterte om Føresvikvegen der
høringsfristen er gått ut. Administrasjonen prøver å få saka opp politisk i løpet av juni 2026.

KS - 02/26 Vedtak

Informasjonen blei tatt til orientering.